



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Halsa kommune - Fjellkraft AS - bygging og drift av Hennaelva kraftverk. Fråsegn til konsesjonssøknad.

Bakgrunn

- Hennaelva kraftverk vil utnytte fallet i Hennaelva frå kotehøgde 175 ned til eit kraftverk på kote 5.
- Maksimal slukeevne er på 1,4 m³/s. Dette er om lag 250 % av middelvassføringa, som er oppgitt til 0,55 m³/s. Minimum slukeevne er på 0,07 m³/s og alminneleg lågvassføring er rekna til 0,04 m³/s.
- Det er føresett minstevassføring på 0,056 m³/s.
- Vassvegen blir om lag 1,9 km som skal gravast ned på heile strekninga.
- Til kraftstasjonen blir det bygt ein tilkomstveg på 150 m. Til inntaksdammen blir det bygt ny veg på om lag 50 m.
- Det er rekna med ein midlare årsproduksjon på ca. 4,7 GWh med installert effekt på 1,95 MW.

Vurdering

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader til dette prosjektet:

Biologisk mangfald

I rapporten om biologisk mangfald er det opplyst at etter den nylige biologiske kartlegginga i Halsa kommune vart det ikkje registrert prioriterte naturtypar i influensområdet til prosjektet og at det derfor ikkje er data frå området i Naturbase. Vi vil merke at dei årlige midla som Fylkesmannen får til slik kartlegging er langt under behovet og årsaka til at området er utan data i Naturbase kan vere at kartleggingsfirmaet ikkje oppsøkte denne delen av kommunen i 2008.

Rapporten gir stort sett tilstrekkelig med informasjon om kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Det er ikkje gjort funn av raudlisteartar og det er opplyst at det er lite truleg at det er slike i influensområdet til prosjektet og denne konklusjonen er grunngeven. Det er heller ikkje påvist trua vegetasjonstypar eller prioriterte naturtypar som indikerer potensiale for raudlisteartar. Unntaket er ein lokalitet med naturtypen bekkekløft. Det er opplyst at kløfteområdet i vassdraget er relativt lite utvikla og er berre vurdert til å vere av lokal verdi etter DN-handbok 13. Det er også opplyst at det heller ikkje er spesielt velutvikla makrolavflora i bekkekløfta, og den så ikkje ut til å vere meir fuktpåverka enn kringliggande område.

Til kløfteområdet vil vi merke at når ein naturtype vert fanga opp av den nasjonale kartleggingsmetodikken i DN-handbok 13 så er i prinsippet området spesielt viktig for det biologiske mangfaldet. Sjølv om naturtypen er av lokal karakter, hadde vi sett det som ønskeleg at lokaliteten vart skildra noko betre. Mellom anna litt om skogsjiktet og eventuell kontinuitetsverdiar. I slike saker er det også av verdi med ei samanlikning med andre vassdrag i kommunen eller regionen. Vi har elles ikkje spesielle merknader til når det gjeld utgreiinga om biologisk mangfald.

Fisk

Det er gjennom prøvafiske avdekt at dei nedste 200 m av vassdraget er anadrom (sjøaure). Kraftverket blir plassert slik at anadrom strekning ikkje får redusert vassføring og turbinen blir tilpassa slik at vatn vil sleppe gjennom ved eventuell stopp (omløpsventil). Utbygginga vil derfor ikkje påverke anadrom strekning. Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Det er påvist ål i nedre deler av vassdraget. Ål er raudlista og kritisk truga (CR). I kva grad ål vandrar opp vassdraget er uvisst, men det går fram at dette ikkje noko typisk ålevassdrag. I følge Norsk institutt for naturforskning (NINA) viser studiar at over 50 % av ål døyr ved utvandring gjennom kraftverk. Gjennomføring av tiltak for å leie fisk forbi turbinane er det sikraste for å redusere dette. Også andre tiltak som transport av ål forbi kraftverket, ålevennleg gitter i vassinntaket eller å stanse kraftverket i perioden under utvandring kan vere aktuelle. Med dei opplysningar som kjem fram i konsekvensvurderinga synest det likevel ikkje aktuelt å pålegge særskilte tiltak i dette utbyggingsprosjektet.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til kommentarane over og har ut over dette ingen vesentlege merknader til søknaden.

Det er frå før bygt/gitt løyve/omsøkt fleire småkraftprosjekt i Halså kommune (m.a. Engdal, Rodal, Storelva, Grytdalen, Tverråa, Stokkelva og Skallelva). Vi rår NVE om å vektlegge dei samla konsekvensane når ytterlegare søknader skal vurderast i området.

Med helsing

Lindis Nerbø (e.f.)
direktør miljøvern- og avdelinga

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Biologisk mangfald: Kjell Lyse tlf. 71 25 84 26

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Fylkeshuset	6404	Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Halsa kommune		6683	Vågland